

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 05.09.2018

Vår ref.: 201703638-6

Arkiv: 312 / 019.CF

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Brit Torill Haugen

Vest-Telemark Kraftlag – Søknad om løyve til nye Gjøv kraftverk i Fyresdal kommune i Telemark – høyring

NVE har motteke ein søknad frå Vest-Telemark Kraftlag, datert 19.10.2018, om løyve til å byggje nye Gjøv kraftverk i Fyresdal kommune.

Vest-Telemark Kraftlag AS ynskjer å nytte eit fall på 67 meter i vassfallet mellom Brutjønn og Tovslitjønn. Inntaket er planlagt på det eksisterande inntaket til mikrokraftverket Gjøv på kote 603 med kraftstasjon på kote 536. Vassvegen vil bli om lag 800 m lang og vera nedgraven heile strekninga. Middelvassføringa i Tverråna er på 2007 l/s og planlagt maksimal slukeevne er 1885 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 0,99 MW og skal etter planane gje ein årleg produksjon på 4,47 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring over ein strekning på om lag 1600 m i Tverråna og Tovslåna. Båe er ein del av det verna vassdraget «*omr. vest for Fyresvatnet*». Det er planlagt ei minstevassføring på 250 l/s heile året.

Det er òg søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av nye Gjøv kraftverk med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden skal òg vurderast etter «forskrift om konsekvensutredningar etter sektorlover». Søknaden med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringsa ligg ved.

NVE ber Fyresdal kommune leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg ettersyn på kommunehuset fram til **19.10.2018**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan **19.10.2018**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidas eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing

Øystein Grundt
seksjonssjef

Brit Torill Haugen
seniorrådgiver

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg:

Mottakerliste:

Aust-Agder turistforening
Birtedalen sti- og løypelag
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard
Forum for Natur og Friluftsliv Telemark
Fylkesmannen i Telemark
Fyresdal kommune
Fyresdal Turlag
Naturvernforbundet i Telemark
Norges Miljøvernforbund
Setesdal-Austhei villreinområde v/Svein Ekre
Telemark fylkeskommune
Telemark jeger- og fiskerforening

Kopi til:

VEST-TELEMARK KRAFTLAG AS
VEST-TELEMARK KRAFTLAG AS v/Aslak Ofte